

8

Johannes Arneson (1865 - 1967) var norsk lærer, skulestyrar og forfattar. Under pseudonymet *Ola Ryfylking* gav han ut boka *Segner og smaastubbar*. I sine siste år gav han ut to minnebøker med historier frå oppveksten i Ryfylke. Då han døyde i 1967, etterlot han seg eit uferdig bokmanus, som vart utgitt i 1985.


”Oliver Mjølhus, Magnus Tuntland og Birger Åsland mista livet utan at dei hadde gjort omfattande motstandsarbeid som automatisk ville føra til dødsdom om dei vart tatt.

Det var forsøket på å komma seg over Nordsjøen til England som førte til at dei vart skotne. Dei tre hjelmelandskarane var gode nordmenn som uhell i Ålesund førde i fanget på okkupasjonsmakta og deira tenarar.” (Njal Tjeltveit og Trygve Brandal, *Krigsåra i Hjelmeland*)



9

SKULP-TUREN



10

”Northern Winds” av Santos Cavahrló. Sjølv beskriv han kunstverket med desse orda: ”The landscape is transcendental, is replaced by fjord, a breeze of wind coming from the north, that shakes its



calm waters that cogheels mountains painted green gray. I felt the need to transpose to the sculpture, and be profound, which elevates the mind and the feeling in the body the sublime north wind.”

Sommaren 2011 var kunstnarar frå Spania, Portugal og Noreg samla her i Hjelmeland. Dei laga då fem skulpturar som nå er plassert langs den vandreruta me har kalla ”Skulp-turen”. Vandreruta vil også vise deg verdas største jærstol og ei minnestøtte over falne i 2. verdskrig. På toppen av ”Hjelmen” vil du få nydeleg utsikt over Hjelmeland og innover i Ryfylkefjordane.



Høydekurven og kartet viser turen én vei. Totalt er turen ca. 9,2 km tur/retur.

Type:	Fottur
Lengde:	Ca. 9,2 km tur/retur
Varighet:	2 timer <input type="button" value="+"/>
Gradering:	Enkel <input type="button" value="+"/>

Skulp-turen startar på Sande ved verdas største Jærstol (1). Frå Jærstolen går du opp mot rundkjøringa, kryssar vegen og går ned til skulpturen som er plassert mellom ferjekaien og Sande-bygget (2). Herfrå går vandrerruta tilbake og opp til Vågavegen, langs denne og ned til Spa-hotell Velvære (3,4,5,6). Følg merka rute vidare inn til Prestøryå (7). (Tek du ein liten avstikkar ned til kommunehuset, finn du i tillegg ei byste av forfattaren Johannes Arneson (8)). Sving opp til Vågavegen før du kjem til brua og gå over gangfeltet ved Sparbutikken. Ruta går deretter i retning mot kyrkja (9). Frå kyrkja går du same veg tilbake, ca. 100 meter, og svingar til venstre på merka løype opp langs Prestagarden og Prestagardsmarka inn til merka løype opp til Hjelmten (10).



1 På Sande finn du verdast største Jærstol. Denne vart laga i 1999 i samband med 100 årsjubileet for den lokale jærstolproduksjonen. I dag er det berre to jærstolprodusentar i Hjelmeland.

2 "Oblivion" av Fernando Martins, som beskriv kunstverket slik: *"She rests a while, inebriated by her surrounding, relaxed and oblivious, getting ready for another dosage and beauty."*



3

Skulptur ved Spa-Hotell Velvære, laga av Arne Mæland.



4 Denne skulpturen er utforma av naturen sjølv, men kunstnarane har hjelpt til med finpussen.



5

"Meeting by the store in Hjelmeland" av Armando Martines

7

Dette området har gjennomgått store endringar. Der kommunehuset står i dag, stod den gamle Hjelmelandskyrkja, som vart riven i 1860. I den store flaumen i 1940 vart ein tredjepart av kyrkjegarden sopt på



sjøen. Brua vart og teken av vassmengdene. Folk som då skulle til Vågen for å handla vart skyssa over elva med ein såkalla *flyttbåt*. Etter kvart vart det sett opp ei trebru i elveosen, denne fungerte fram til den brua som står her i dag vart oppsett.



6

"Sensuality" av Xico Lucena